
Saksnr: 2025/39953-11**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		10.03.2026
Fylkesutvalet		19.03.2026

Høyringsuttale til Geitelvi kraftverk i Voss herad

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune rår til at det vert gitt konsesjon for Geitelvi kraftverk.
2. Fylkeskommunen legg til grunn at det vert stilt krav om gode og målretta avbøtande tiltak for å minimere negative konsekvensar for natur, vassmiljø og friluftsliv.

Samandrag

Konsesjonssøknaden for Geitelvi kraftverk er på høyring og Vestland fylkeskommune er høyringspart i saka. Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på 19,3 GWh og vil nytta Geitelvi ved Bolstadfjorden i Voss herad. Vedtak i saka sendast til NVE som høyringsuttale.

Robert Rastad
fylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har fått inn søknad frå Njord Energi Holding AS, datert 18.11.2025, om løyve til bygging av Geitelvi kraftverk.

Geitelvi kraftverk var tidlegare omsøkt og på høyring i 2012, men fekk då avslag grunna for store terrenginngrep. Tiltaket er no omsøkt på nytt, med ny søkjar og med endra løysing for både kraftstasjon og vassveg samanlikna med tidlegare (sjå figur 1). Hordaland fylkeskommune var positive til søknaden i 2012 mot at det vart gjennomført avbøtande tiltak, som arkeologiske undersøkingar.

Geitelvi kraftverk var på høyring våren 2025, men i etterkant av den høyringsrunden har Njord gjort endringar i planane for tiltaket. NVE har difor sendt den oppdaterte søknaden på ny høyring til relevante partar. Dei nye planane omfattar i hovudsak endring av trasé for vassveg, plassering av kraftstasjon og tilknyting til nettet. Desse planane blei også presenterte under synfaring som vart arrangert hausten 2025, der administrasjonen i fylkeskommunen var representert. Det er denne siste, oppdaterte søknaden som no ligg føre og er gjenstand for høyring.

Geitelvi kraftverk vil no nytte eit fall på 272 meter frå inntak på kote 275 til kraftstasjon på kote 3. Vassvegen vil bestå av ein 1700 meter lang tunnel i fjell, og utløpet vil leggst som to nedgravne røyr frå kraftstasjonen ut i Bolstadfjorden. Kraftverket er rekna å ha ein installert effekt på 7 MW med ein årleg middelproduksjon på 19,3 GWh. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

I tillegg blir det søkt om løyve etter energilova § 3-1 til ein 540 meter lang 22 kV jordkabel fram til ein nettstasjon som er eigd av Tendranett AS.

Tiltaket er lokalisert ca. 750 m vest for Bolstadøyri i Voss herad, mellom Evanger og Dale. Prosjektet er planlagt med kraftstasjon nede ved Bolstadfjorden, plassert på ein gamal tunneltipp. Elva har vassdragsnummer 062.2. Elva munnar ut i Bolstadfjorden, ca. 200 meter vest for kraftstasjon og ny utløpskanal (sjå figur 3).



Figur 1: Tynn blåstipla linje er tidlegare omsøkt prosjekt som har fått avslag. Tynn raud linje er Njord sitt tidlegare prosjekt med borehol og vassveg og kraftstasjon ved E16. Tjukk lilla linje er vassvegen det søkast om no (tunnel) og stasjonsplassering.



Figur 2: Dam/inntak sett oppstrøms retning. Fotomontasje: Njord basert på dronebilde fra Vegard Bolstad. Biletet er henta frå konsesjonssøknaden.



Figur 3: illustrasjon av kraftstasjonsportal med rør nedgrave ut i Bolstadfjorden. E16 og utlaupet til Geitlvi er til høgre i biletet. (Utarbeida av Njord). Flåtemuseet er til venstre. (Veg skal gå på innsida av museet og ikkje igjennom slik det ser ut her). Biletet er henta frå konsesjonssøknaden.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7. Høyringsuttale, kap. 22. Energilova og kap. 27. Vassressurslova.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje direkte administrative eller økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen si rolle er avgrensa til plan- og høyringshandsaming.

Klima:

Geitelvi kraftverk vil gje auka produksjon av fornybar energi, og bidreg indirekte til målet om netto nullutslepp i Vestland innan 2030 ved å styrkje tilgangen på utsleppsfri kraft. Samstundes inneber tiltaket inngrep i natur og areal, noko som krev ei tydeleg avveging mellom klimaeffekt og miljøkonsekvensar, i tråd med Regional plan for klima. Utbygginga kan auke robustheita i energisystemet i møte med klimaendringar og meir ekstremvær, føresett at flaumomsyn vert godt handtert. Prosjektet støttar grøn omstilling og lokal verdiskaping, medan klimagevinsten i hovudsak er felles, og ulempene i større grad er lokale. Dette understrekar behovet for avbøtande tiltak og lokal forankring for å sikre ei rettferdig fordeling av fordelar og ulemper.

Kulturminne og kulturmiljø:

Vestland fylkeskommune Arealplan viser til søknad om konsesjon for Geitelvi kraftverk. Arealplan har vurdert saka som delegert kulturmiljøstyresmakt. Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Det er heller ikkje kjent nyare tids kulturminne i området.

Kulturmiljøstyresmakta har slik, ut i frå omsyn til kulturminne, ikkje merknader til søknaden.

Vassmiljø og fisk:

Fylkesdirektøren legg til grunn at det er naturlege vandringshinder for fisk like over utløpet til Geitelva i Bolstadfjorden. Dette inneber at tiltaket ikkje vil påverke oppvandringa av sjøaure eller annan fisk i vassdraget. Likevel bør det vurderast om kraftverket kan få innverknad på utvandringa av smolt i Bolstadfjorden, særleg med tanke på nærleiken til innløpet til Bolstadelva og Vossovassdraget, som er eit viktig laksevassdrag. Det bør vurderast om det er behov for avbøtande tiltak for å sikre trygg passasje for utvandrande smolt.

Friluftsliv og folkehelse:

Det er viktig at tiltaket ikkje reduserer tilgjengelegheit eller vesentlege opplevingsverdiar i området. Geitelvi har nokre flotte stryk i nedre del av elva, som vil vere ein opplevingsverdi for dei som ferdast her.

Det er uklart kva konsekvensar reguleringa av elva vil ha for stryka, men ein må kunne anta at redusert vassføring vil kunne redusere opplevingsverdien av desse.

Det er ikkje registrerte friluftslivsinteresser i tiltaksområdet. Kartlegging av friluftslivsområde i Voss Herad har nokre manglar og heradet planlegg difor no ei revidering av denne. Det må difor takast høgde for at det kan vere brukarinteresser i området, utover grunneigarane sin bruk, som ikkje er fanga opp i heradet si kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Geitelvi kraftverk vil bidra til auka produksjon av fornybar energi i Vestland og støttar målet om eit klimasmart og berekraftig fylke. Tiltaket legg til rette for lokal verdiskaping og styrka energiforsyning, samstundes som utbygginga inneber inngrep i vassdrag og naturmiljø som må avvegast nøye. Med relativt avgrensa utbyggingsomfang og tilpassa løysingar vurderer fylkesdirektøren samla påverknad som handterbar. Prosjektet føreset tydelege vilkår og avbøtande tiltak for å ivareta miljøomsyn, og representerer samla sett ei balansert avveging mellom klima-, energi-, miljø- og samfunnsinteresser i tråd med Utviklingsplan for Vestland.

Kraftverket er i tråd med fornybarplanen til Vestland, som fremjar utbygging av vasskraftverk der energigevinsten står i eit rimeleg forhold til naturinngrepa. Kraftverket nyttar ein lokal energiressurs, og bidreg til styrking av lokal verdiskaping og forsyningstryggleik, i samsvar med føringane i planen.

Konklusjon

Geitelvi kraftverk vil bidra til auka produksjon av fornybar energi i Vestland. Tiltaket støttar måla i Regional plan for klima, utviklingsplanen for Vestland og fornybarplanen gjennom styrka energiforsyning, lokal verdiskaping og bidrag til grøn omstilling. Samstundes inneber utbygginga inngrep i natur og vassdrag som krev ei tydeleg og kunnskapsbasert avveging mellom klima- og miljøomsyn.

Fylkesdirektøren vurderer at kulturminneomsyna er tilstrekkeleg ivaretekne, då det ikkje er kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne i området. Når det gjeld vassmiljø og fisk, bør det vurderast om tiltaket kan få konsekvensar for utvandring av smolt i Bolstadfjorden, og om det er behov for avbøtande tiltak. For friluftsliv og folkehelse er det uvisse knytt til korleis redusert vassføring kan påverke opplevingsverdiar knytt til stryk i elva, og det må takast høgde for at brukarinteresser kan vere dårleg kartlagde.

Samla sett vurderer fylkesdirektøren at Geitelvi kraftverk representerer ei balansert avveging mellom klima-, energi-, miljø- og samfunnsinteresser. Tiltaket kan gjennomførast i tråd med regionale planar, føresett at det vert stilt tydelege vilkår og krav til avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar for natur, vassmiljø og friluftsliv.